



Referat

Delprosjekt: P2

Møtestad: Ålesund

Dato: 24.04.19

Møteleiar: Kari Grindvik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Kari Grindvik	<i>Skodje</i>
Modolf Hareide	<i>Skodje</i>
Åse Kristin Ask Bakke	<i>Sandøy</i>
Frode Andresen	<i>Ørskog</i>
Helene B. Fjørtoft	<i>Ørskog</i>
Øystein Tvedt	<i>Ålesund</i>
Elin Moen	<i>Haram/Nye Ålesund</i>
Irene K. Aase	<i>Ålesund</i>
Synnøve Vasstrand Synnes	<i>Ørskog/Nye Ålesund</i>
Geir Skodje	<i>Tillitsvald</i>
Lars Roger Lundanes (var med under handsaming av sak om delegeringsreglement)	<i>Ålesund</i>

Komiteen drøfta følgjande saker:

1. Delegeringsreglement

- Vil bli lagt fram for Fellesnemnda i 16.05.19
- Endeleg forslag til delegeringsrelement skal sendast på høyring
- Forslag til delegeringsreglement vart gjennomgått og drøfta i møtet

- Oppdatert forslag til delegeringsreglement etter diskusjonar i komiteen følgjer som vedlegg til referatet.
 - Forslag til reglement vert diskutert med AU i møte 8. mai. Leiar for komiteen vert med i dette møtet.
2. Reglement for godtgjersle og rammevilkår for politisk arbeid.
- Følgjande problemstillingar vart drøfta:
- Frikjøpsordning
 - Kor mange heiltidspolitikarar skal NÅ ha?
 - 50 % frikjøp for leiar i planutvalet
 - Godtgjersle til den enkelte kommunestyremedlem - auke satsen pr. møte til 1,5 promille av ordførar si godtgjersle
 - Pensjon
 - Sjekk ut regelverket
 - Forskrift: Frikjøpte med meir enn 33 % frikjøp skal vert innmelde i pensjonsordninga
 - Møtetidspunkt: kommunestyre og formannskap skal fortrinnsvis vere på dagtid
 - Dobbel godtgjersle ved to/fleire møte same dag?
 - Kommunedelsutvala: Fellesnemnda har vedteke at vi skal ha 11 KDU med 11 medlemmer i kvart, dvs KDU har vore høgt prioritert. Dette vil medføre kostnader.
 - Oppsisjonsleiar? Er ikkje ein posisjon

Vidare saksgang

- Forslag til reglement vert diskutert med AU i møte 8. mai. Leiar for komiteen vert med i dette møtet.

Neste møte i komiteen vert 24.05.19. Saker til dette møtet:

- **Rådsorgana i nye Ålesund – oppsummering av høyringsinnspel og ferdigstilling av forslag til reglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Reglement for godtgjersle og rammevilkår for politisk arbeid**

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.

A large orange circle containing the text "Nye Ålesund kommune" in white. The word "Nye" is in a smaller font, "Ålesund" is in a larger, bold font, and "kommune" is in a medium font.

Nye
Ålesund
kommune

DELEGERINGSREGLEMENT

FOR

ÅLESUND KOMMUNE

1. InnleiING	5
Bakgrunn.....	5
Målsetjing	5
Definisjon.....	5
Krav til utøving av delegert mynde.....	6
2. HOVUDPRINSIPP FOR DELEGERING	Feil! Bokmerke er ikke definert.
1. Kommunestyret er øvste organ, med overordna ansvar for kommunen sin verksemd, jf. kommunelova § 6	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2. Mynde som ikkje kan delegerast – avgjersler som vert fatta av kommunestyret sjølv	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. Prinsippet om maksimal delegering	6
4. Delegering fra kommunestyret til folkevalte organ	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5. Delegering frå kommunestyret til administrasjonen ved rådmannen....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6. Vidaredelegering.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7. Prinsipiell / ikkje prinsipiell sak.....	7
8. Om delegert mynde – omgjeriing.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. KLAGEHANDSAMING, MINDRETALLSANKE OG LOVLEGGKONTROLL	7
4. 4.1 Klagebehandling (SANDEFJORD KOMMUNE)	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Klage over enkeltvedtak truffet av kommunestyret eller formannskapet .	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Klage over administrativt einskildvedtak - generelt.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Klage etter forvaltningsloven	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Klage etter særlovgiving	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.2 Mindretallsanke:.....	8
4.3 Lovleggkontroll:	Feil! Bokmerke er ikke definert.
ALTERNATIVT FRAMLEGG HENTA FRÅ ASKER KOMMUNE	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Klage på einskildvedtak – eksternt klageorgan	7
Klage på enkeltvedtak – kommunen selv som klageorgan	8
5. BRUK OG KONTROLL AV DELEGERT MYNDE	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6. Kommunestyrets mynde.....	9
6.1 Kommunestyret som kommunens øvste organ	9

6.2 Kommunestyret sin delegering av mynde til andre	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Lovheimla delegeringssperrer for kommunestyret.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Delegeringssperrer (delegeringsforbud) i kommunelova	10
Delegeringssperrer (delegeringsforbud) i særlovgiving	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Vedtak av lokale forskrifter.....	13
Kommunale betalingstenester/gebyr	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7. DELEGERING TIL FORMANNSKAPET.....	13
Heimel og ansvarsområde.....	13
Heimel:	13
Ansvarsområde:.....	13
Delegering av mynde til formannskapet i hastesaker	15
Delegering av mynde frå formannskapet i hastesaker	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8. Mynde og delegering til ordførar.....	16
Heimel:	16
Delegering til ordførar:	16
Dersom ordførar er forhindra frå å fungere i vervet – varaordførar	17
9. Mynde og delegering til faste utval og komitéar.....	17
Heimel	17
Faste utval og komitéar	17
Mynde og delegering til planutvalet	17
HEIMEL: ?.....	17
Ansvarsområde:.....	17
Mynde og delegering til administrasjonsutvalet/partsamansett utval	18
Heimel	18
Ansvarsområde:.....	18
INNENFOR SITT ANSVARSOMRÅDE ER UTVALGET BEMYNDIGET TIL Å:	19
BYGGEKOMITÉ (ulik praksis i kommunene, og ikkje del av vedteken org. modell at vi skal ha, men bør det vere med likevel?).....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Komitéen delegeres følgende mynde:.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Oppgåveutval/komitear - tidsavgrensa.....	19
Heimel:	19
Oppgaver og mynde	20

Komit�leiarer	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10. Kommunedelutval	20
Heimel	20
Funksjon	20
Mynde og oppg�ver	21
11. Kommunestyrekomitear	22
Delegert mynde som er felles for kommunestyrekomiteane	22
Heimel:	22
Ansvar og mynde	22
F�LGJANDE DELEGERTE MYNDE ER FELLES FOR ALLE KOMMUNESTYREKOMITEANE	Feil! Bokmerke er ikke definert.
12.2.1 KOMMUNESTYREKOMITE FOR OPPL�RING	23
12.2.2 KOMMUNESTYREKOMITE FOR HELSE OG OMSORG	23
Ansvarsomr�de:	23
12.2.3 KOMMUNESTYREKOMITE FOR KULTUR OG MEDBORGARSKAP	23
Ansvarsomr�de:	24
12.2.4 KOMMUNESTYREKOMITE FOR TEKNISK, MILJ� OG SAMFERDSEL	24
Ansvarsomr�de:	24
12. DELEGERING TIL R�DMANNEN	24
R�dmannens generalfullmakt	Feil! Bokmerke er ikke definert.
13.2 Unntak for saker av prinsipiell betydning	Feil! Bokmerke er ikke definert.
13.3 Kontrollutvalet si rolle	Feil! Bokmerke er ikke definert.
13. ANDRE REGLEMENT	28
14. IKRAFTTREDEN	28
Bruk overskrifter i farger	28
15. Reglement	28
16. framdrift	28

INNLEIING

Ålesund kommune sitt delegeringsreglement er heimla i kommunelova § 5-14 og skal innehalde reglar som avklarar ansvar- og myndefordeling mellom dei ulike folkevalde organa og tilhøvet mellom kommunestyret og administrasjon, samt krav til rapportering. Reglementet regulerer også retten til å innstille der vedtaksmynde er lagt til eit politisk organ.

I situasjonar som er omfatta av kommunen sin beredskapsplan gjeld beredskapsplanen foran dette delegeringsreglementet.

Kommunale føretak er ikkje omfatta av delegeringsreglementet. Dei får mynde delegert via føretaka sine vedtekter. Delegering til kommunalt eigde selskap skal gå fram av selskapsvedtektene. Interkommunale politiske råd får oppgåver og mynde fastsett i eigen samarbeidsavtale. Det same gjeld kommunale oppgåvefelleskap. Vertskommunesamarbeid med felles folkevalt nemnd får oppgåver og mynde fastsett i eigen skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i vertskommunesamarbeidet.

Vidaredelegering frå rådmannen til administrasjonen er ikkje omfatta av dette reglementet.

Ålesund kommune er avhengig av at innbyggjarane har tillit til kommunen sin utøving av mynde, saksbehandling og tenesteyting. Openheit er eit framtrudande prinsipp i kommunens forvaltning og vert sett på som eit viktig vilkår for legitimitet og tillit. Kommunen vil gjennom tenesta KF delegeringsreglement gjere eit fullstendig reglement tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Delegeringsreglementet må sjåast i samanheng med Reglement for saksbehandling i folkevalte organ (politisk reglement og møtereglement), då desse supplerer og utfyller kvarandre jf. kommunelova §§ 5-13 og 11-12.

BAKGRUNN

Kommunelovens sine reglar om delegeringsreglement og innstillingsrett § 5-14, pålegg kommunestyret sjølv å vedta reglement for tildeling av avgjerslemynde og innstillingsrett innan 31.12 året etter konstituering av kommunestyret.

MÅLSETJING

Formålet med å delegere mynde i kommunen er klar ansvarsfordeling, rettstryggleik og effektiv saksbehandling. Reglementet skal legge grunnlaget for god verksemdsstyring og internkontroll i Ålesund kommune.

DEFINISJON

Delegering i dette reglement tyder overføring av mynde til å fatte vedtak eller ta avgjerder på ulike område, frå kommunestyret til politiske utval eller til rådmannen.

Mynde er både kompetanse kommunen er gitt gjennom lov og forskrift, og kompetanse kommunen har som sjølvstendig rettssubjekt (økonomiske og administrative fullmakter, samt rettsleg representasjon)

Særlovsfullmakt: Fullmakt til å utøve mynde etter særlovgiving på vegne av kommunen

Økonomiske fullmakt: Fullmakt til å gjere disposisjonar som forplikter kommunen økonomisk

Administrative fullmakt: Fullmakt til å utøve mynde i tilknytning til leiinga av kommunen.

KRAV TIL UTØVING AV DELEGERT MYNDE - OMGJERING

All mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, samt vere i samsvar med politiske vedtak og øvrige administrative retningslinjer og instruksar. Delegert mynde skal utøvast innanfor vedtekne plan- og budsjettammer.

All delegering av mynde skal være skriftlig. Den som delegerer mynde har ansvar for korleis det delegerte myndet vert utøvd. Den som delegerer har derfor tilsyns - og kontrollansvar, og kan gi instruksjonar med omsyn til utøvinga av det delegerte mynde.

Organet som delegerer gir ikkje frå seg sitt mynde, men gir den i tillegg til nokon andre. Mynde kan når som helst trekkast attende. Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak når vilkåra for dette er oppfylte etter forvaltningslova § 35.

Kommunestyret som har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltning, kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. På tilsvarende måte kan et overordna organ krevje å få lagt fram sak som er delegert til eit underordna organ.

Det organ eller den som har fått delegert mynde, kan overlate til overordna organ å ta avgjerd i saker der vedkomande vurderer dette som føremålstenlegt.

Vedtaka fatta etter fullmakt / på delegert mynde skal rapporterast til det organ / den som har delegert mynde, innan tidsfristar og i den form som denne fastset. Rapportering skal sikre at den som har delegert mynde frå seg har tryggande kontroll.

Dersom reglane om delegering ikkje vert følgt kan konsekvensen bli at vedtaket eller den rettslege disposisjonen vert å sjå på som ugyldig.

PRINSIPPET OM MAKSIMAL DELEGERING

Delegering av avgjerdsmynde frå kommunestyret til folkevalte utval, samt delegering til rådmannen, kan i prinsippet gjerast fullt ut i alle saker der ikkje anna følgjer av lov (kommunelova § 5-3 og særlover). I Ålesund gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde vert delegert til lavaste nivå innanfor ramma av lovverket og så langt

kommunestyret har vedteke. Prinsipielle saker vert lagt til folkevalt nivå, og ikkje prinsipielle saker leggst til rådmann.

PRINSIPIELL / IKKJE PRINSIPIELL SAK

Kva som er ei prinsipiell sak må vurderast ut fra saka sin karakter og moglege konsekvensar. I tillegg må det må vurderast i kva utstrekning viktige relevante og skjønnsmessige sider er klarlagt gjennom folkevalte vedtak, instruksar eller tidligare praksis.

Det er rådmannen si plikt å ta stilling til om ei sak er av prinsipiell karakter eller ikkje. Om rådmannen er i tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, er det rådmannen sitt ansvar, i samråd med ordføraren, å avklare dette.

KONTROLLUTVALET SI ROLLE

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, jf. kap 23 i kommunelova, og har ei rolle knytt til delegeringsreglementet.

Kommunestyret fører gjennom kontrollutvalget kontroll med at rådmannen utøver sitt mynde i samsvar med lov og forskrift, og vedtekne reglar og retningslinjer, under dette også evaluering av etablert delegeringspraksis.

KLAGEBEHANDLING OG MINDRETALLSANKE

Avgjersler gjort av administrasjonen eller av eit folkevalt organ kan behandlast av overordna organ på ulike måtar, som ordinære klagesaker (enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven og særlovgivning), ved såkalla mindretallsanke (jf. reglar i delegeringsreglementet), ved at det vert framsett krav om lovlegkontroll (jf. kommunelova § 27-1) eller med bakgrunn i det generelle mynde eit overordna organ har til å få behandla ei sak og eventuelt omgjort eit vedtak.

Klageinstansen i Ålesund kommune er klageutval oppretta av kommunestyret med heimel i forvaltningslova § 28. 2 avsnitt.

KLAGE PÅ ENKELTDVEDTAK – EKSTERNT KLAGEORGAN

Behandling av klage over enkeltvedtak følgjer forvaltningslova sine reglar i kap VI om klage og omgjering, med mindre anna er bestemt i særlova som heimlar vedtaket.

Klage over enkeltdvedtak skal behandlast av eksternt klageorgan (som hovudregel fylkesmannen) i alle saker der dette følgjer av den einskilde særlov.

Kommunestyret i Ålesund vedtek følgjande prinsipp for saksførebuing av klage på einskildvedtak som skal behandlast av eksternt klageorgan:

1. Politiske organ er underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjeld enkeltvedtak gjort av organet sjølv.

2. Planutvalet er likevel underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjeld endeleg reguleringsvedtak gjort av kommunestyret etter plan - og bygningslova § 12 - 2 . Går ut?

3. Rådmannen er underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksførebuing av klagesak som gjelder enkeltvedtak gjort av rådmannen sjølv eller nokon rådmannen har delegert sitt mynde til. Rådmannen kan vidaredelegere sitt mynde.

4. Planutvalet er likevel underinstans etter forvaltningslova § 33 ved saksforberedelse av klagesak som gjeld enkeltvedtak etter plan - og bygningsloven truffet av rådmannen selv eller noen han har delegert sin myndighet til.

KLAGE PÅ ENKELTVEDTAK – KOMMUNEN SJØLV SOM KLAGEORGAN

Der det ikkje er lovregulert at klagen skal behandlast av eit eksternt klageorgan, kan enkeltvedtak gjort av eit kommunalt organ påklagast til kommunestyret, eller etter deira avgjerd, formannskapet eller klageutvalet, jf. forvaltningslova § 28 2. ledd. Hvis kommunestyret har gjort eit slikt enkeltvedtak, er det likevel departementet som er klageinstans, ikke eit anna kommunalt organ.

Kommunestyret i Ålesund vedtek følgjande prinsipp om saksbehandling av klage på enkeltvedtak der klaga skal behandlast endeleg av kommunen sjølv som klageinstans:

1. Klageutvalet er klageinstans ved behandling av klage på enkeltvedtak gjort av formannskapet eller planutvalet.
2. Klageutvalet er klageinstans ved behandling av klage på enkeltvedtak gjort av rådmannen sjølv eller nokon rådmannen har delegert mynde til.

MINDRETALLSANKE:

I saker der formannskap og planutval har fått delegert mynde frå kommunestyret kan 1/3 av medlemmene krevje saka framlagt for kommunestyret til avgjerd. Kravet må framsettast innan møtet er slutt.

Høve til å framsette mindretallsanke gjeld ikkje for enkeltvedtak om forvaltningslova er til hinder for omgjerding av vedtak, jf. forvaltningslova § 2b), jf. § 35.

KOMMUNESTYRET

KOMMUNESTYRET SOM KOMMUNENS ØVSTE ORGAN

Kommunestyret er øvste organ, med overordna ansvar for kommunen sin verksemd jf. Kommuneleva § 5-3. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Gjennom delegeringsvedtak til andre folkevalte organ og til rådmann avgjer kommunestyret oppgåve- og myndefordelinga mellom folkevalte organ og rådmann.

Kommunestyret skal i hovudsak konsentrere seg om dei prinispielt viktige og strategiske oppgåvene, og utforme kommunen sine målsettingar. Avgjersler med behov for brei politisk behandling, herunder dei viktigaste avgjersler av organisatorisk og økonomisk karakter skal ligge til kommunestyret.

Kommunestyret skal avgjere alle saker som gjeld folkevalt organisering, den administrative hovedstrukturen, kommuneplan, handlingsprogram, og saker som ifølgje den, til ei kvar tid gjeldande kommunelov og særlovgiving, er tillagt kommunestyret.

KOMMUNESTYRET SIN DELEGERING AV MYNDE TIL ANDRE

Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe vedtak til andre folkevalte organ, ordførar eller kommunedirektør (rådmann) innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.

Folkevalde organ kommunestyret kan delegere sitt mynde til er mellom anna:

- Formannskapet, jf. kommunelova § 5-6
- Utval, inkl. kommunedelsutval og kontrollutval jf. kommunelova § 5-7
- Styre for institusjon, jf. kommunelova § 5-10
- Partsamansette utval, jf. kommunelova § 5-11
- Administrativt vertskommunesamarbeid § 20-2
- Felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, jf. kommunelova § 20-3.
- Representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd (ikkje einskildvedtak, men kan gjevast mynde til å gjere slike vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar) jf. kommunelova § 18-1.
- Representantskap for eit kommunalt oppgåvefelleskap (ikkje einskildvedtak, men kan gjevast mynde til å gjere slike vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar), jf § 19-1.

Kommunestyret kan også delegere vedtaksmynde til andre rettssubjekt for saker som gjeld lovpålagt oppgåver så langt det er høve til det i lovgivinga. For andre saker kan kommunestyret delegere dersom saka er av ikkje-prinsipiell karakter.

Felles for felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap er at det skal vere samarbeidsavtalar der m.a oppgåver og mynde skal fastsettast nærare.

OPPGÅVER SOMSKAL LIGGE TIL KOMMUNESTYRET ETTER KOMMUNELOVA

Mynde og oppgaver som kommunestyret sjølv skal utøve etter kommunelova:

- Vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg, jf § 3-2
- Endre kommunestyret sitt medlemstal, jf. § 5-5
- Velje ordførar og varaordførar, jf. § 6-2.
- Opprette og legge ned faste utval og bestemme området for deira verksemd, samt opprette kommunedelsutval, jf. § 5-7
- Opprette styre for kommunale institusjonar, jf. § 5-10
- Opprette kommunestyrekomitear som saksførebuande organ for kommunestyret, jf. § 5-9
- Velje eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd, jf. § 5-12
- Gjere vedtak om oppretting av kommunalt foretak, jf. § 9-1
- Vedta forskrift om dekning av utgifter og økonomisk tap for den som har eit kommunalt tillitsverv, jf. § 8-3
- Opprette eller slutte seg til pensjonsordning for folkevalte, jf § 8-7
- Gi forskrift om permisjon for folkevalte som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse, jf. § 8-10
- Gi mynde i hastesaker, jf. § 11-8
- Innføre parlamentarisk styreform, jf. § 10-1
- Opprette kommuneråd, jf. § 10-2
- Vedta at folkevalte organ skal ha høve til å halde møte som fjernmøte, jf. § 11-7
- Vedta reglement med nærare reglar for saksbehandlinga i folkevalte organ, jf. § 11-2
- Ta stilling til innbyggjarforlag, jf. § 12-1
- Tilsette kommunedirektør (rådmann), jf. § 13-1
- Avgjere at leiande administrative stillingar skal vere åremålsstillingar, jf. § 13-2
- Fastsette retningsliner for dei tilsette sin møterett, jf. § 13-4
- Vedta økonomiplan og årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding, finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi, økonomireglement og finansreglement, jf. § 14-2
- Opprette interkommunalt politisk råd, jf. § 18-1
- Opprette kommunalt oppgåvefelleskap og vedta samarbeidsavtale, jf. §§ 19-1, 19-4.
- Velje kontrollutval jf. § 23-1
- Vedta plan for eigarskapskontroll, jf. § 23-4
- Val av revisor, jf. § 24-1
- Vedta eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden, jf. § 26-1

Lista er ikkje uttømande.

Oppgåver og mynde som kommunestyret sjølv har etter særlover og vedteke delegeringsreglement:

- Alkohollova
 - Alkoholpolitisk handlingsplan, jfr. § 1-7d
 - Øvrig fastsetting av ansvar og mynde etter alkohollova vert gjort i den alkoholpolitiske handlingsplanen.

- Brann- og eksplosjonsvernlova
 - Gi lokale forskrifter om meldeplikt ved store arrangement, jf. § 7.
 - Gjennom forskrift eller einskildvedtak avgjere at det skal førast tilsyn med bygningar etter § 13 fjerde ledd.
 - Gi lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg, jf. § 28 andre ledd.

- Domstollova
 - Oppnemne medlemmer til Forliksrådet, jf. § 57 første ledd

- Eigedomsskattelova
 - Fastsette grupper for fritak frå eigedomsskatt etter § 7.
 - Fastsette satsar og reglar som skal nyttast ved utskrivning av eigedomsskatt, jf. kap. 4.
 - Oppnemning av medlemmer til sakkyndig nemnd og sakkyndig klagenemnd, jfr. § 8A-3 nr. 4.

- Ekteskapslova
 - Oppnemne vigslere, jf. § 12b)

- Forpaktingslova
 - Oppnemning av skjønnsnemnd, jf. § 11

- Havelova
 - Beslutte organisasjonsform for eigne hamner etter haveloven § 45, jf. mellom anna kommuneloven § 9-1.

- Kirkelova
 - Oppnemne representant til kyrkjeleg fellesråd, jf. § 12.

- Lov om konfliktråd
 - Oppnemne konfliktrådsmepler til konfliktrådet, jf. § 4.

- Lov om interkommunale selskaper
 - Vedtak selskapsavtale, jf. § 4
 - Oppnemning av medlemmer til representantskap, jf. § 6

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
 - Gi forskrift om undervisningstid ut over timerammane, jf. § 2-2 andre ledd.
 - Gi forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret, jf. § 2-2 fjerde ledd
 - Gi forskrift om kva målform som skal vere hovudmål i dei einskilde skulane, jf. § 2-5 første ledd.

- Motorferdsellova
 - Fastsette forskrift om løyper for kjøring med snøscooter på vinterføre, jfr. § 4a andre ledd.
 - Gi forskrift om landing og start med luftfartøy på bestemte steder i utmark og vassdrag, jfr. § 5 første ledd a) - Gi forskrift om bruk av motorfartøy på innsjøer, jfr. § 5 første ledd b)
 - Gi forskrift om at elektriske sykler ikkje skal vere tillatt i bestemte område jf. Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
 - Gi bestemmelser om kjøring som nevnt i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» bokstavene b-g, jf. forskriftens § 3 andre ledd.
 -
- Matrikkelova
 - Inngå avtale etter kommunelova om å overlate til andre å utføre oppmålingsforretningar og/eller å føre matrikkelen på sine vegne, jf. § 5a annet ledd.
 - Fastsette gebyr, jf. § 32.
- Partilova
 - Vedtak om finansiering av dei folkevalte gruppene i kommunestyret, jf. § 10 (2).
- Plan og bygningslova
 - Leie den kommunale planlegginga og sørge for at plan- og bygningslovgivninga vert føljt i kommunen, jf. § 3-3 annet ledd.
 - Etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interessar i planlegginga, jf. § 3-3 tredje ledd.
 - Vedta kommunal planstrategi, jf. § 10-1.
 - Fastsette planprogram for kommuneplan med unntak av mindre omfattande revisjonar (delegert til planutvalet) § 11-13
 - Vedta kommuneplanen sin arealdel, jf. § 11-15.
 - Vedta kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. § 11-2 siste ledd jf. § 11-15.
 - Avgjere om planutvalet si avgjerd om ikkje å fastsette planprogram skal oppretthaldast jf. § 12-9.
 - Vedta reguleringsplanar, jf. § 12-12.
 - Endre og oppheve reguleringsplanar som ikkje kan delegaerast jf. § 12-14.
 - Vedtak om ekspropriasjon, jf. §§ 16-2, 16-3, 16-4, 16-5 og 16-6.
 - Føresetnader for bruk av utbyggingsavtaler, jf. § 17-2.
 - Søknad om riving av tiltak nemnt i pbl § 20-1 første ledd a) og som er lokalisert i bevaringsområder eller gjelder gjenreisningsperioden etter bybrannen i Ålesund sentrum
 - Vedta program for utbetring av bebyggelse og tilhøyrande areal for ein eller fleire eigedomar i tettbygd strok jf. § 31-8.
 - Gi forskrift om gebyr, jfr. § 33-1
- Vallova
 - Val av valstyre, jf. § 4-1.
 - Val av leiar og nestleiar i valstyret, jf. § 4-1
- Lov om vass- og avløpsanlegg
 - Gi forskrift om kommunale vatn- og avløpsgebyr jf. § 5.

Lista er ikkje uttømande.

VEDTA LOKALE FORSKRIFTER – KOMMUNALE BETALINGSTENESTER

Som hovudregel gjeld følgjande:

- Kommunestyret i Ålesund vedtek som hovudregel at det sjølv skal fastsette alle lokale forskrifter, dvs vedtak som gjeld rettar eller plikter til et ubestemt tal eller ein ubestemt krets av personar, jf. forvaltningslova § 2 c), uavhengig av om dette er uttrykkeleg føresett i den einskilde særlov. Lokale forskrifter skal utarbeidast i samsvar med saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kap VII om forskrifter, så sant det ikkje finst unntaksreglar som heimlar noko anna.
- Kommunestyret i Ålesund vedtek som hovudregel at det sjølv skal fastsette nivået for alle lovpålagte betalingstenester. Med kommunal betalingsteneste vert meint gebyr/pris/avgift/eigendel og liknande som vert kravd for ei lovpålagt kommunal serviceyting. (Fleire kommunale betalingstenester har sjølvkost som øvre grense for kva som lovleg kan krevjast i gebyr. Andre kommunale betalingstenester er regulert av staten i form av vedtekne maksimal - eller minimumssatsar, eller som påbodne satsar. For fleire gebyr er det heimla i særlov at kommunestyret sjølv må vedta gebyrregulativet).
- Kommunestyret i Ålesund vedtek at rådmannen får fullmakt til å treffe einskildvedtak i gebyrsaker, herunder vedtak om det på skjønsmessig grunnlag kan krevjast lavare gebyr i einskildsaker. Forvaltningslova sine reglar gjeld i slike saker, herunder reglane om klage.

INNSTILLINGSRETT I SAKER SOM SKAL AVGJERAST AV KOMMUNESTYRET:

I ei kvar sak som vert lagt fram for kommunestyret skal det vere ei innstilling frå enten ein kommunestyrekomité, formannskapet, utval oppretta av kommunestyret, styre i kommunalt føretak, rådmann eller ordførar.

DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

HEIMEL OG ANSVARSOMRÅDE

HEIMEL: kommuneloven §5-6

ANSVARSOMRÅDE:

Ansvarsområdet til formannskapet gjeld all kommunal verksemd og formannskapet kan gjere vedtak i alle saker som ikkje er delegert til andre utval eller til rådmann og som ikkje ligg til kommunestyret sjølv (anten ved lov eller etter eige vedtak).

Formannskapet har eit særleg ansvar for å arbeide med og innstille i følgjande saker:

- Økonomisaker
- Næringsliv og samfunnsutvikling
- Innovasjon og digitalisering
- Samferdsel
- Regionalt utviklingsarbeid og regionalt samarbeid
- Kommunen sine ulike eigarskap

Formannskapet skal etter kommunelova 14-3 tredje ledd alltid innstille til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding.

Formannskapet skal ha avgjerdsmynde i saker etter følgjande særlover:

- Alkoholova:
 - Ev mynde til formannskapet vert fastsett i samband med behandlinga av alkoholpolitisk handlingsplan
- Eiendomsskatteloven
 - Formannskapet vert delegert mynde til å avgjere enkeltsaker om fritak for eigedomsskatt, jf. § 7
- Film- og videogramloven
 - Gi kommunalt løyve til filmframvisning, jf. § 2
- Kommuneova
 - etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden folkevalt som ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for han eller ho, jf. § 7-9
- Opplæringslova
 - Fremme søknad om avvik fra loven i forbindelse med tidsavgrensede forsøk, jfr. § 1-4
 - Fremme søknad om avvik fra lærerplan, jfr. § 2-3 fjerde ledd
 - Sentralisering av tegnspråkopplæring, jfr. § 2-6 andre ledd
 - Vedtekter for skolefritidsordning, jfr. § 13-7 tredje ledd
- Motorferdsellova
 - Gi tillatelse til kjøring utover forskriftens § 2 - § 5 i unntakstilfeller etter skriftlig søknad, jfr. forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6.
- Smittevernlova
 - Vedta møteforbod, stengning av verksemd, avgrensing i kommunikasjon og isolering, jfr. § 4-1 første ledd bokstav a-d
 - Vedtak om skading av eigendom, jfr. § 4-1 fjerde ledd
 - Vedta forholdsregler ved gravferd og transport av lik, jfr. § 4-6 første ledd

- Vedtak om bruk og skade av eigendom ved særskilte tiltak, jfr. §§ 3-1 og 3-8, jfr. § 7-1 femte ledd
- Stadnamnlova
- Vedta skrivemåte av offisiell adresse og av namn på tettstadar, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l., jfr. § 5
- Vallova:
 - Formannskapet er valstyre, jf. § 4-1.
 - Kommunestyret delegerer sitt mynde til å oppnemne stemmestyre, jf. § 4-2 og avgjere kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i jf. § 9-3 til valstyret.

Formannskapet skal ha eit særleg fokus på forhold og saker som krev samordning og samordna politisk behandling i kommunen.

DELEGERING AV MYNDE TIL FORMANNSKAPET I HASTESAKER

Med heimel i kommunelova 11-8 første ledd vert formannskapet gitt mynde til å gjere vedtak i saker som skulle ha vore gjort av eit anna organ, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å innkalle det organet som skulle ha avgjort saken.

Vedtak gjort etter denne fullmakt skal leggjast fram for vedkomande organ sitt neste møte.

INNSTILLINGSMYNDE

Formannskapet innstiller til kommunestyret i alle saker der ikkje innstillingsmynde er lagt til andre organ.

ARBEIDSUTVAL

Formannskapet kan opprette eit arbeidsutval med medlemmer frå formannskapet, og formannskapet kan gi arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak i saker som er av ikkje-prinsipiell karakter, om ikkje kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

VALSTYRE

Formannskapet er kommunen sitt valstyre i samband med Stortings- og sametingsval og Kommunestyre- og fylkestingsval jf vallova § 4-1.

Kommunestyret delegerer til valstyret å velje medlemmer til stemmestyra og gir valstyret fullmakt til å gjere vedtak i andre saker i samband med val der avgjerdsmynde ikkje er lagt til kommunestyret sjølv etter lov eller forskrift.

INNSTILLINGSRETT I SAKER SOM SKAL AVGJERAST AV FORMANNSKAPET:

I ei kvar sak som skal leggst fram for formannskapet skal det vere ei innstilling frå rådmannen eller ev. ordførar. I særskilte saker kan også andre utval og kommunestyrekomitear innstille til formannskapet.

MYNDE OG DELEGERING TIL ORDFØRAR

HEIMEL: Kommuneleva § 6-1

Ordføraren er møteleiar i kommunestyret og formannskapet. Ordføraren er rettsleg representant for kommunen og skriv under på kommunen sine vegne i alle tilfelle der mynde til å representere og skrive under for kommunen ikkje er tildelt andre, jf. kommuneleva § 6-1.

DELEGERING TIL ORDFØRAR:

I periodar der formannskapet ikkje har møte vert ordføraren gitt mynde til å gjere vedtak i saker som er av ikkje - prinsipiell karakter og som ikkje er lagt til rådmannen, men skulle vore gjort av formannskapet. Sakene må etter ordføraren si vurdering vere kurante, samtidig som det er viktig med ei avgjerd før formannskapet har sitt neste møte. Vedtak gjort etter denne fullmakt skal leggst fram i formannskapet sitt neste møte.

Ordførar har mynde til å fordele saker mellom ulike folkevalte organ i tråd med delegeringsreglementet, og avgjere kva organ og ev. kva rekkefølge som skal vere for saker som som vedkjem fleire organ, dersom det er tvil om korleis og i kva organ saka skal behandlast. Ordførar avgjer at saker som etter ordførar si vurdering må til kommunestyret (og som ikkje høyrer naturleg inn under ansvar og mynde til andre organ) vert lagt fram for kommunestyret til behandling.

Ordførar avgjer søknadar frå folkevalte om deltaking på kurs og konferansar og ev godtgjersle for slik deltaking dersom dette ikkje går klart fram av kommunen sitt godtgjerslereglement.

Ordførar sine oppgåver knytt til beredskapssituasjonar går fram av kommunen sin beredskapsplan.

Ordfører skal saman med varaordfører og ein frå opposisjonen, gjennomføre årleg leiarsamtale med rådmannen.

Ordfører og varaordfører skal være vigsler på vegne av kommunestyret, jf. ekteskapsloven § 12 b).

DERSOM ORDFØRAR ER FORHINDRA FRÅ Å FUNGERE I VERVET – VARAORDFØRER

Dersom ordføreren er forhindra frå å fungere i vervet trer varaordfører inn i ordføreren sin stad.

MYNDE OG DELEGERING TIL UTVAL

HEIMEL: kommunelova § 5-7

FASTE UTVAL

- Planutval
- Partsamansett utval
- Oppgåveutval - tidsavgrensa
- Kommunedelutval

MYNDE OG DELEGERING TIL PLANUTVALET

HEIMEL: kommunelova § 5-7, jf. Plan- og bygningslov og jordlov

ANSVAROMRÅDE:

Fast utval for plansaker (planutvalet) behandler saker etter plan- og bygningslova og jordlova.

Planutvalet behandler og innstiller til kommunestyret i saker knytt til gjennomføring av den kommunale planlegginga i medhald av pbl. § 3-3, kap 11 og 12 .

Utvalet fattar vedtak i saker med landbruksinteresser av prinsipiell karakter der kommunen har avgjerslemynde og der myndet ikkje er lagt til andre organ eller til kommunedirektør/rådmannen.

- § 1-9 Mynde til å påklage einskildvedtak etter lova i dei tilfelle vedtaket direkte vedkjem kommunens saksområde
- § 5-3 Mynde til å initiere etablering av regionalt planforum og peike ut kommunen sine representantar i fall slikt forum vert etablert
- § 11-13, jf. 4-1 Mynde til å utarbeide planprogram for kommuneplanen. Mynde vert avgrensa til å gjelde mindre omfattande revisjonar av planprogrammet for kommuneplanen
- § 11-14 Vedta høyring og offentleg ettersyn av forslag til kommuneplan
- § 12 – 8 Avgjøre om rådmannens beslutning om at privat planinitiativ ikke skal fremmes skal opprettholdes
- § 12 - 8 Avgjøre uenighet på vesentlige punkter i oppstartsmøtet som forslagsstiller etter § 12 - 8 kan kreve forelagt kommunestyret til vurdering
- § 12 - 9 Utarbeide planprogram for planar med vesentleg verknad
- § 12 - 10 Behandle reguleringsplanforslag
- § 12 - 11 Behandle private reguleringsplanforslag

- § 12 - 12 Vedta mindre reguleringsplaner når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanens arealdel og det er mindre enn fire år siden den ble vedtatt av kommunestyret
- § 12 - 14 Treffe vedtak om å oppheve reguleringsplan som i det vesentlege er i strid med overordnet plan
- § 13 - 1 Vedta midlertidig forbud mot tiltak
- § 13 - 3 Vedta fristforlengelse for midlertid forbud mot tiltak
- § 20-1 - i følgende type saker:
 - a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av blokkbebyggelse, bygg til offentlege og allmenntilgjengelige formål og større industri- og næringsbygg
 - b) vesentleg endring eller vesentleg reparasjon av tiltak nevnt i plan- og bygningslova § 20-1 første ledd a) og som er lokalisert i bevaringsområde
 - c) fasadeendring i bevaringsområde
 - d) bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak nemnt i plan- og bygningslova § 20-1 første ledd a) og som er lokalisert i bevaringsområde
 - e) plassering av skilt og reklameinnretningar og liknande på bevaringsbygg, jf. også plan- og bygningslova § 30- 3

Planutvalet vert gitt mynde til å dele ut byggeskikkprisar.

Planutvalet skal ha førebauande klagehandsaming jf. fvl §33 i saker etter plan- og bygningslova sin § 12- 12. (Det vil seie at planutvalet behandlar klage på vedtak etter plan- og bygningslova sin § 12- 12 (reguleringsplanar) før dei går til endeleg klagebehandling (fylkesmannen)).

I tillegg er planutvalet underinstans etter forvaltningsloven § 33 ved saksforberedelse av klagesak som gjelder enkeltvedtak etter plan - og bygningsloven truffet av rådmannen eller noen han har videredelegert sine fullmakter til. Planutvalet tek stilling til alle klager før klagen eventuelt oversendes klageorganet til endelig klagebehandling.

Til kvart møte i planutvalet skal det leggast fram ei liste med oversikt over vedtak i saker gjort av administrasjonen etter delegert fullmakt.

INNSTILLINGSRETT I SAKER SOM SKAL AVGJERAST AV PLANUTVALET:

I ei kvar sak som skal leggast fram for planutvalet skal det vere ei innstilling frå rådmannen.

MYNDE OG DELEGERING TIL PARTSAMANSETT UTVAL

HEIMEL: kommunelovens § 5-11.

ANSVARsområde:

Partsamansett utval (administrasjonsutvalet) er kommunen sitt utval for behandling av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgiver og dei tilsette på eit overordna nivå.

Partsamansett utval sitt ansvarsområde er oppgåver som er knytt til kommunen sin arbeidsgiverfunksjon.

Partsamansett utval ivaretek medarbeidaranes medbestemmelsesrett etter Hovedavtalen sin del B § 4 og kommuneloven § 13-4.

Partsamansett utval skal halde seg oppdatert om korleis kommunen løser sine oppgåver innanfor utvalet sitt ansvarsområde. Utvalet skal få framlagt relevante analysar og styringsdata som gir innsikt i kommunen som arbeidsgiver. Utvalet kan legge fram for kommunestyret forslag til mål og strategi for arbeidsgivarområdet, herunder utvikling av kommunen sin arbeidsgiverfunksjon.

MYNDE TIL PARTSAMANSETT UTVAL:

I saker der formannskapet har avgjerdsmynde eller har innstillingsrett til kommunestyret skal partsamansett utval gi uttale innanfor sitt ansvarsområde, herunder:

- overordnet arbeidsgiverstrategi, overordna organisasjonsstruktur
- etikk og antikorrupsjon (etiske retningslinjer og antikorrupsjonsprogram)

Gi uttale og følgje opp politikk og strategiar for arbeidslivsområdet, under dette sjukefråver, inkluderande arbeidsliv, likebehandling og likestillingsarbeid, arbeid mot diskriminering.

Avgjere saker som blir tillagt utvalet av formannskap og kommunestyre.

Vedta at administrasjonen skal foreta mindre utgreiingar innanfor utvalet sitt ansvarsområde.

INNSTILLINGSRETT I SAKER TIL PARTSAMANSETT UTVAL

I ei kvar sak som skal leggst fram for partsamansett tvale skal det vere ei innstilling frå rådmannen.

OPPGÅVEUTVAL - TIDSAVGRENSA

HEIMEL: kommunelova § 5-7.

Kommunestyret opprettar sjølv oppgåveutval (ad hoc-utval), og fastset området for deira arbeid og tildeler ev. avgjerslemynde.

Utvala sine oppgåver vil vere førebuande handsaming av saker og å utføre særskilte tidsavgrensa verv.

OPPGÅVER OG MYNDE

Kommunestyret vedtek mandat for utvala, og gir samstundes i mandatet nærare tidsramme og ev økonomisk ramme for arbeidet. Kommunestyret veljer medlemmer og leiar og nestleiar for utvala.

Oppgåveutvala skal greie ut og kome med framlegg i saker til kommunestyret i tråd med mandatet dei er gitt. I særskilte tilfelle kan kommunestyret gi utvalet avgjerdsmynde i einskildsak som har direkte tilknytning til utvalet sitt oppdrag.

Oppgåveutvala kan knyte til seg personar/organisasjonar som ikkje er folkevalde i samband med utvalet sitt arbeid. Utvalet kan også legge opp til høyringar, invitere til idedugnader, folkemøte, møte med interessegrupper m.v.

Utvalseleiar har eit særskilt ansvar for at arbeidet knytt til mandatet utvalet har fått vert gjort planmessig og rasjonelt, og i samarbeid med rådmannen. Utvalseleiar har ansvar for at det vert laga ein framdriftsplan for arbeidet.

Ordførar og rådmann (eller den rådmannen utpeiker) har møte- og talerett i utvala sine møte. Ordførar forslagsrett

Rådmannen stiller administrative ressursar til disposisjon etter behov.

INNSTILLINGSRETT I SAKER SOM OPPGÅVEUTVALA SKAL BEHANDLE:

Når det gjeld innstillingsrett vert det vist til kommunelova § 13-1, 3. ledd der det går fram at rådmann/kommunedirektør har ansvar for at saker vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidt.

KOMMUNEDELUTVAL

HEIMEL

Kommunedelutvala er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7

FUNKSJON

1) Kommunedelutvala er initiativtakar til og talerøyr og lyttepost for saker innbyggjarane og nærmiljøet i kommunedelen er opptekne av. Utvala er både eit formelt og uformelt kontaktpunkt mellom innbyggjarane og kommunen sine øvrige folkevalte organ, og mellom innbyggerne og kommunen sin administrasjon.

2) Kommunedelutvala skal legge til rette for og stimulere til auka medverknad frå innbyggjarar i saker som vedkjem kommunedelen.

3) Kommunedelutvala er inndelt i følgende 11 geografiske område:

- a) Hessa, Skarbøvik og Aspøy som dekker Hessøya, Aspøya og vestre del av Nørvøya øst til Gjerdegata og Flatholmvegen 19.
- b) Nørvøy, Nørvasund og Hatlane som dekker Nørvøya vest til Gjerdegata og Flatholmvegen 19 (ca.) og østover til Hatlaåsen
- c) Spjelkavik, Åse og Lerstad som dekker området fra Skåthaugen i nord, Humla, Tørla og østover til kommunegrensa mot Skodje
- d) Indre Borgund som dekker området fra Hatlaåsen og østover til gamle kommunegrensa mot Skodje og sørover til Skåthaugen
- e) Ellingsøy (Ellingsøya)
- f) Skodje (gamle kommunegrensa)
- g) Ørskog (gamle kommunegrensa)
- h) Sandøy og Fjørtoft
- i) Nordøyane
- j) Brattvåg, Hildre og Søvik
- k) Vatne og Tennfjord

MYNDE OG OPPGÅVER

Kommunedelutvala skal vere utviklingsorgan og planleggingsorgan for saker som gjeld den aktuelle kommunedelen.

Utvala skal ta initiativ til utvikling av lokalmiljøet og medverknad i saker av interesse for kommunedelen, spesielt med tanke på

- lokalsamfunnet
- kultur
- frivilligheit

Utvala skal ha rett til å gje tilråding til overordna politiske organ i plansaker og andre saker som vedkjem kommunedelen.

Kommunedelutvala skal vere høyringsinstans i saker som gjeld den aktuelle kommunedelen.

Utvala skal ha uttalerett og vere høyringsorgan i plansaker, budsjett- og andre overordna saker som vedkjem heile kommunen.

Kommunedelutvala har mynde til å avgjere saker som gjeld tildeling av midlar til lokale tiltak i den respektive kommunedelen, (innan utvalet sitt eige budsjett). Dette gjeld i første rekke nærmiljøtiltak og tiltak som ikkje er lagt til anna organ eller ei verksemd sitt ansvarsområde.

Kommunedelutvala er ikkje brukerorgan eller klageorgan og skal ikkje engasjere seg i saker som gjeld enkeltpersonar eller saker som kan påklagast med heimel i lov. Utvala skal likevel vere opptekne av brukermedverknad og kan derfor ta opp saker på generelt grunnlag med tanke på forbetring av kommunen sine tenester i kommunedelen både med omsyn til kvalitet og kvantitet.

Kommunedelutvala får sine mandat frå kommunestyret, og dei rapporterer dit. Det skal vere faste, årlege møte mellom kommunedelutvala og administrativ og politisk leiing i kommunen.

INNSTILLINGSRETT I SAKER SOM KOMMUNEDELSUTVALA SKAL BEHANDLE:

Rådmannen skal i hovedsak innstille i saker til kommunedelsutvala.

KOMMUNESTYREKOMITEAR

Delegert mynde som er felles for kommunestyrekomiteane

HEIMEL: kommuneloven § 5-9

Kommunestyret opprettar sjølv kommunestyrekomitear og fastset området for deira verksemd.

ANSVAR OG MYNDE

Kommunestyrekomiteane er saksførbuande organ for kommunestyret

- Komiteane innstiller til kommunestyret i saker innanfor sine arbeidsområde/saksfelt

Kommunestyrekomiteane kan ikkje gjevast vedtaksmynde, og kan ikkje ferdighandsame og avgjere saker.

Komiteane skal halde seg best mogleg oppdatert om korleis kommunen løyser sine oppgåver innan komiteen sitt ansvarsområde og bidra til ein mest mogleg open, rasjonell og tidsmessig forvaltning av desse oppgåvene. Komiteane har ansvar for å etterspørre og evaluere effekt av vedtak som er gjort innanfor sine saksområde.

Komiteane kan få saker som gjeld formannskapet sine ansvarsområde til uttale dersom ordføraren avgjer det. Komiteane skal gi uttale til budsjett og økonomiplan.

Komiteane kan ta opp saker på eige initiativ, eller på initiativ frå kommunestyre, formannskap, planutval eller rådmannen.

Komiteane kan be administrasjonen om å foreta mindre utgreiingar innanfor komiteen sitt område.

Arbeidsutval

Komiteane kan sette ned arbeidsutval blant eigne medlemmer for ei tidsavgrensa periode til førebuaende arbeid med saker og til å utføre særskilte utgreiingar.

Høyringar m.v

Komiteane kan gjennomføre ein eller fleire høyringar som del av sitt arbeid for å få belyst eit saksområde som høyrer inn under komiteen sitt ansvarsområde.

Samhandling på tvers

Rådmannen har ansvar for å stille administrative ressurser til disposisjon for komiteane, og sørge for administrativ samhandling på tvers av tenestemråda opp mot komiteane. Ordføraren er bindeledd mellom komiteane og mellom den einskilde komite og formannskapet. Ordføraren skal halde møte med komiteleiarane regelmessig.

12.2.1 KOMMUNESTYREKOMITE FOR OPPLÆRING

Kjerneoppgåver er knytt til grunnskule, SFO, barnehage, vaksenopplæring, og målet er å sørge for barns trivsel, utvikling og læring slik at dei kan greie seg i vaksenlivet.

- Barnehage
- Grunnskole
- Vaksenopplæring
- Skulefritidsordning
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

12.2.2 KOMMUNESTYREKOMITE FOR HELSE OG OMSORG

Kjerneoppgåve er å hjelpe innbyggjarane til å kunne leve eit så aktivt og sjølvstendig liv som mogleg. Komiteen får ansvar for pleie- og omsorgstenester, helsetenester, psykisk helse og rus, aktivitet og sysselsetjing.

ANSVAROMRÅDE:

- Helsetjenester
- Pleie og omsorg
- Barnevern
- Tiltak mot rusavhengigheit
- Sosiale tenester i NAV

12.2.3 KOMMUNESTYREKOMITE FOR KULTUR OG MEDBORGARSKAP

Kjerneoppgåver er knytt til å bygge fellesskap, og komiteen sine oppgåver omfattar ulike tenester på kulturfeltet, idrett og friluftsliv, kulturbygg, nærmiljøutvikling, frivillig arbeid/frivilligsentralar, innbyggartorg, flyktning og integrering.

ANSVARSRÅDE:

- By- og stadutvikling
- Nærmiljø
- Folkehelse og forebyggjande arbeid
- Frivilligheit
- Lag og foreningar
- Kommunale parkar, friområde, idrettsanlegg og gravplassar
- Bibliotek
- Kino
- Kultur (kulturarrangementer og annen kunst og kultur) og kulturbygg
- Kulturminner , herunder vern og omsynssoner

12.2.4 KOMMUNESTYREKOMITE FOR TEKNISK, MILJØ OG SAMFERDSEL

Komiteen sine oppgåver har fokus på vekst og berekraft, og omfattar infrastruktur, byggesak, natur og miljø m.v

ANSVARSRÅDE:

- Kommunalteknikk
- Infrastruktur (vatn, avløp, renovasjon (VAR), veg, anlegg, park (VAP),
- Landbruksforvaltning og viltforvaltning
- Egedomsdrift
- Kart-geodata/oppmåling
- Natur og miljø
- Brann og beredskap
- Landskapsvern
- Vegar
- Hamner
- Trafikktrygging

INNSTILLINGSRETT I SAKER SOM KOMMUNESYREKOMITEANE SKAL BEHANDLE:

Når det gjeld innstillingsrett vert det vist til kommunelova § 13 -1, 3. ledd der det går fram at rådmann/kommunedirektør har ansvar for at saker som vert lagt fram for folkevalte organ er forsvarleg utgreidde.

DELEGERING TIL RÅDMANNEN

HEIMEL: kommuneloven § 13-1

HEIMEL OG ANSVARSOMRÅDE

Etter reglane i kommunelova er rådmannen øvste administrative leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei grensane som kommunestyret fastsett.

Kommunedirektøren/rådmannen har etter lova ansvar for at alle saker som blir lagde fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidt og at vedtak blir iverksett. Utgreiinga skal gi eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjere vedtak. Rådmannen legg som hovudregel fram forslag til innstilling i saker som skal behandlast i alle folkevalde organ.

Kommunedirektør/rådmann har personalansvaret for den einskilde tilsette, inkludert tilsetting, oppsigelse, suspensjon, avskjed og tenestelege reaksjoner, så langt ikkje noko anna er fastsett i lov.

DELEGERING FRÅ KOMMUNESTYRET TIL ADMINISTRASJONEN VED RÅDMANNEN

All delegering til administrasjonen skjer til rådmannen (jf. kommunelova § 13 -1).

Med mindre kommunestyret eller lov og forskrift har bestemt noko anna, gir kommunestyret rådmannen mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker og alle typer av saker som av rådmannen vert vurdert å ikkje vere av prinsipiell karakter. Slikt prinsipp for delegering inneber at rådmannen sitt mynde er såkalla negativt avgrensa. Rådmannen kan ta på seg ei kvar oppgåve som ikkje gjennom lovgiving eller anna beslutning av folkevalte organ er tillagt andre.

Rådmannen pliktar sjølv å ta stilling til om ei sak er av prinsipiell karakter eller ikkje, herunder om saka skal behandlast av folkevalte organ. Om rådmannen er i tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, er det rådmannen sitt ansvar, i samråd med ordføraren, å avklare dette.

VIDAREDELEGERING

Rådmannen kan vidaredelegere sine fullmakter til underliggende fullmaktsnivå så langt kommunestyret ikkje har vedtatt noko anna eller lov eller forskrift er til hinder for dette. Dette gjeld også behandling av klage som underinstans jf. fvl. § 33.

Slik vidaredelegering skal dokumenterast, og rådmannen skal ha kontroll og føre tilsyn med dei som forvaltar mynde på sine vegne.

AVGJERDSMYNDE I SAKER AV IKKJE-PRINSIPIELL KARAKTER ETTER FØLGJANDE SÆRLOVER

- Almindeleg borgerleg Straffelov av 22.05.1902, nr. 10
- Friluftsløva av 28.06.1957, nr. 16
- Lov om ymse beitespørsmål av 16.06.1961, nr. 12
- Lov om rettshøve mellom grannar (Grannelova) av 16.06.1961, nr. 15
- Veglov av 21.06.1963, nr. 23
- Vegtrafikklov av 18.06.1965, nr. 4
- Lov om forpakting av 26.06.1965, nr. 1
- Lov om trdomssamfunn og ymist anna av 13.06.1969 nr. 25
- Lov om vern mot tobakkskader av 09.03.1973, nr. 14
- Lov om odels- og åsetsretten av 28.06.74, nr. 58
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977, nr. 82
- Lov om kulturminner av 09.06.1978, nr. 50
- Lov om vern mot forurensinger og avfall (forureiningslova) av 13.03.1981, nr. 6
- Lov om tilskott til livssynsamfunn av 12.06.1981 nr. 64
- Lov om adopsjon av 28.02.1986, nr. 8
- Lov om folkebibliotek av 20.12.1985, nr. 108
- Lov om film og videogram av 15.05.1987, nr. 21
- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (Alkohollova) av 02.06.1989, nr. 27 (Rådmannen får mynde etter vedtak i alkoholpolitisk handlingsplan)
- Lov om stadnamn av 18.05.1990, nr. 11
- Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992, nr. 47
- Lov om barnevernstenester av 17.07.1992, nr.100 (Rådmannen vert delegert mynde til å utpeike barnevernsleder og ev. stedfortreder for denne)
- Lov om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadeloven) av 25.03.1994 nr.7
- Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 05.08.1994, nr. 55
- Lov om jord av 12.05.1995 nr. 23
- Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd m.v av 07.06.1996 nr. 32
- Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven) av 13.06.1997, nr. 55
- Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven) av 23.05.1997, nr. 31
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998, nr. 61
- Lov om strålevern og bruk av stråling (strålevernloven) av 12.05.2000 nr 36
- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14.06.2002,nr. 20
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) av 24.11.2000 nr 82
- Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyret (valgloven) av 28.06.2002 nr 57
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (Konsesjonslova) av 28.11.2003 nr. 98
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring m.v av 04.07.2003 nr. 80
- Lov om private skoler av 04.07.2003 nr. 84
- Lov om skogbruk og skogvern (Skogbrukslova) av 27.05.2005 nr. 31
- Lov om barnehager av 17.06.2005, nr. 64
- Lov om eiendomsregistrering (matrikkelloven) av 17.06.2005 nr 101
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen av 16.06.2006 nr. 20
- Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr 89
- Plan- og bygningslova av 27.06.2008, nr. 71

Særskilt vert nemnt:

- § 12 - 14 Treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hovedrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur - og friluftsområder
- § 18 - 7 Vedta fordelingsfaktor for opparbeidelsesplikt og refusjon
- § 18- 9 - Fatte vedtak om refusjon
- § 19 - 2 Vedta dispensasjon frå reglane fastsett i eller i medhold av plan - og bygningslova
- § 31 - 3 Vedta pålegg om sikring og istandsetting av eksisterende byggverk og installasjoner

Dersom rådmannen vurderer at en sak er av prinsipiell karakter, skal den leggast frem for planutvalet til avgjersle dersom det gjeld eit reguleringsvedtak, eller vedtak om dispensasjon etter plan - og bygningsloven § 19 - 2. Kva som er av prinsipiell karakter må fastsettast ikkje berre ut fra vedtakets karakter og konsekvensar, men også ut frå ei vurdering av i kva utstrekning dei viktige skjønsmessige sidene av den aktuelle avgjersla må sjåast på som klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidligere praksis.

- Lov om Husbanken av 29.05.2009, nr. 30
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18.12.2009 nr 131
- Lov om kommunal beredskapsplikt av 25.06.2010 nr 45
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24.06.2011 nr. 29
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m av 24.06.2011 nr. 30
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16.03.2012 nr. 12

Lista er ikkje uttømmande

DELEGERING TIL ANDRE

Delegering av mynde og oppgåver blir fastsett i eigne vedtekter/samarbeidsavtalar:

Kommunale foretak:

Ingebrigt Davik-huset KF

Ålesund kommunale eigedom KF

Ålesund brannvesen KF

Møre og Romsdal 110-sentral KF (Eigd av Ålesund kommune, men med eit styre sammansett av representantar frå alle regionane i Møre og Romsdal. Foretaket dekker cirka 83 brannstasjoner og 37 kommuner med ca. 245 000 innbyggere).

Ulike interkommunale samarbeid:

IKA (interkommunalt arkiv)

Sunnmøre Regionråd

Møre og Romsdal Revisjon SA

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Ålesundregionens havnevesen

Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap (ÅRIM)

Åknes/Tafjord beredskap IKS

Vertskommunesamarbeid:

E-kommune Sunnmøre

IUA Sunnmøre (interkommunalt utval for akutt forureining)

Administrativt vertskommunesamarbeid:

Arbeidsgjevarkontroll (kemner)
Barnevern
Brannvern
Krisesenter
IT, drift (e-kommune Sunnmøre)
Landbrukskontor
Legevakt
Overgrepsmottak
PPT

ANDRE REGLEMENT

1. Reglement for saksbehandling i folkevalgte organer (politisk reglement/møtereglement) jf. KommuneLOVA
2. Reglement for godtgjersle til folkevalgte jf. KommuneLOVA

IKRAFTTREDEN

Dette delegeringsreglementet trer i kraft frå og med **01.01.2020**.

BRUK OVERSKRIFTER I FARGER

REGLEMENT

FRAMDRIFT

